

30 ÅR

1980–2010



Stordalscup 2010

2. – 4. juli

Bli med på festen over alle festar

950 fotballspelarar • Tivoli • Stor utedans • Grill • Sal- og utstillingsmesse
Loppemarknad • Konsertar • AaFK-besøk • Bruskassestabling • Paintball
Aktivitatar og konkurransar

www.stordalscup.no



Stordal
www.barnaskommune.no

STORDALS CUP



Hovudsponsor:



SPAREBANKEN MØRE

Det skjer i Stordal ...



STORDALSCUP 2010 vert opna med karnevalstog med tema "norske folkeeventyr" frå sentrum og fram til Kirkebø Stadion. Her vert det premiering for beste eventyrkostyme! Stordal Hornmusikklag spelar, og vel framme på Kirkebø Stadion vert det gratis is til borna. Tradisjonen tru vert det også seriekamp, Stordal – Emblem, og i pausen får vi underhaldning av cheerleading "HURRICANES". Nytt av året er musikkmonstringa Stordals Talenter, der unge songtalantar frå Stordal får mulighet til å lære meir om songteknikk og framføring på songseminar med Maria Holand Tøsse den 29. og 30. juni. Seminaret er frå 5. klasse og oppover, og alle som deltek kan framføre ein song på showet Stordals Talenter på utescena fredag 2. juli. Kvelden avsluttast med konsertar av dei lokale gruppene "LADY WRITERS" OG "CHILD'S PLAY". Mykje å gle seg til allereie på opningsdagen!



"Vestnorge" spelar opp til stor utedans på Kirkebø Stadion laurdag 3. juli. Vestnorge er eit danseorkester med medlemmar frå både aust og vest, og har base på Vestlandet, men spelar opp til dans i heile Noreg. Bandet har gitt ut to plater, "Livets karusell" og "Hva som helst for deg", samt fleire musikkvideoar.



Bergströms Tivoli kjem også i år på Stordalscup, og vi har fått stadfesta at det er endå større enn i fjor! Dei har mellom anna med seg bilbane, Waltzer og Crazy Dance. Kom på Stordalscup og opplev fart og spenning for store og små! Sjå meir om tivoliet sine attraksjonar på www.bergstromstivoli.com

Frukt er trendy, sunt og godt. Også i år vil det vere sal av frukt under Stordalscup. I fruktbuda vil ein kunne kjøpe frisk oppskoren frukt i beger, eller heil frukt. Fruktbuda vil vere plassert ved gangvegen mellom Stordalshallen og stadion.



Loppemarknad har vi også på Stordalscup! På vår store loppemarknad i Grendasalen kan du gjere eit kjempekupp! Det er også mogleg å gje bod på flotte møblar som står inne i hallen. Har du lopper heime som du vil bli kvitt, så kan dei leverast på Grendasalen 29. juni, 30. juni og 1. juli frå kl. 18:00-21:00.

Stordalscup har eigen stand ved inngangen til Stordalshallen. Her får du høve til å kjøpe årets cup t-skjorte og hettejakke. Du kan kjøpe lodd frå cuplotteriet, som elles har mange flotte gevinstar, og du har høve til å ta ut kontantar. Har du spørsmål i samband med arrangementet, hjelper vi deg gjerne, så berre ta turen innom!



Aktivitetar og konkurransar har vi mange av! PAINTBALL er ein morosam og nervepirrande aktivitet som du kan prøve på Stordalscup. I BOGESKYTING kan du teste konsentrasjonen og treffsikkerheita di, og Vestnes Bueskyttere hjelper deg undervegs. MINIGOLF blir inndelt i fleire klassar, og dersom du er den i di klasse som treff hola med færrest mogleg forsøk, får du premie. LASER-MÅLING av skotstyrke er ein populær aktivitet, også her er det premiering til den som skyt hardest i kvar klasse. SHOOT OUT, eller presisjonsskyting, er ein konkurranse der målet er å få høgast poengsum etter eit gitt antal skot.



Adventure Company Norway vil vere tilstades laurdag 3. juli for å vise fram aktivitetar dei kan tilby. Under Stordalscup kan bedrifter og private lag melde seg på, og konkurrere mot kvarandre i ei hinderløype. Blir ditt lag Sunnmøres beste i 2010? Påmelding innan 29. juni på e-post til info@bs-adventures.com

Meire info på www.adventure-company-norway.com



Det skjer i Stordal ...

Program:

Fredag 2. juli

- 17:00 Eventyrtog med Stordal Hornmusikklag
Karnevalstog frå sentrum med tema Norske Folkeeventyr!
Gratis is til borna v/ankomst stadion
Bergströms Tivoli
Kiosksal og grill
- 17:30 Stordals Talenter! Musikkmonstring med lokale aktørar
- 18:30 A-lagskamp Stordal - Emblem
- 19:15 Cheerleading med "HURRICANES"
- 20:15 Stordals Talenter! Musikkmonstring med lokale aktørar
- 21:00 Konsert med Lady Writers
- 21:45 Konsert med Child's Play

Laurdag 3. juli

- 09:30 Fotballturnering
 - 10:00 Stor utegrill, kafé og kiosk
Bergströms Tivoli
Sal- og utstillingsmesse
Kjempestor loppemarknad
Aktivitatar og konkurransar
 - 12:00 Adventure Company Norway
 - 13:00 Ørskog Brass på utescena
 - 14:00 Jenny Kristin Langlo i Stordalshallen
 - 15:00 Ørskog Brass i Stordalshallen
 - 15:30 AaFK-besøk på utescena
 - 17:00 Dagens trekning på inngangslotteri i Stordalshallen
Premie: Tur for to til Ona frå 62° Nord
- Kl. 22:00– 02:00
Stor utedans med "Vestnorge" på Kirkebo Stadion!

Søndag 4. juli

- 09:30 Fotballturnering
 - 10:00 Stor utegrill, kafé og kiosk
Bergströms Tivoli
Sal- og utstillingsmesse
Kjempestor loppemarknad
Aktivitatar og konkurransar
 - 13:00 Mats Rune Lilleås Larsen i Stordalshallen
 - 13:15 Jenny Marita Sørås i Stordalshallen
 - 14:00 Bruskassestabling
 - 15:00 Helene og Maria i Stordalshallen
 - 16.00 Dagens trekning på inngangslotteri i Stordalshallen
Premie: Tur for to til Ona frå 62° Nord
Trekning cuplotteri i Stordalshallen
- Turnering, messe og aktivitatar sluttar kl. 18:00



Vi møtast på Stordalscup!

Sal- og utstillingsmesse:

Firma	Produkt
Enjo	Microfiber kluter/mopper
Kari og Knut Øye	Treprodukter, vogger til dukke og baby, kranssekaketine, vinkasse, handarbeid
P. Øie	Sykler og tilbehør
Brito Spekemat	Pølser/spekemat
Storfjordnytt	Aviser/abonnement
Bella Rosa	Pynteting, servise, smykker, treleiker, skjerf
Hagels Agentur	Sukkerspinn/snop etc.
Bozkurt/Joranger Easytea	Eplete/svart te/grønn te/earl grey/nypete, ansiktsmaling
Svein Dalen	Våpenskap, våpen, kikkertsikte m.m.
Ana Pineda Ipiales	Ulljakker, poncho, hatter, smykker
Åse Opskar	Tupperware

Firma	Produkt
Bodil Yksnøy	Oriflame
Smuget	Dame- og herreklær
Anita Ringmo	Bunader
Comet Sport	Fotballutstyr
Stordal kommune	Presentasjon av kommunen
Stordalscup	Cup T-skjorte/jakke, lotteri, minibank
Incaico Import	Heliumballongar, t-skjorter, diverse
Erik Bertil Niemi	Fotografi
Bente Sæter	Dukker, dukkeklær, diverse
Grete Hove	Smykker, øredobber, armband
Polarbad Vest	Utendørs massasjebad/boblebad, grillhytte
Stordal Breiband	Breiband til hytter og hus i Stordal

Støttespelarar:

